

Vestlandsrådet

Protokoll frå Vestlandsrådets møte i Molde 10. november 2016

Utval: Vestlandsrådet

Møtedato: 10.11.2016

Møtestart: 09.00. Møtet hevet: 14.15

Møtested: Quality Alexandra Hotel, Molde

Navn	Fylke	Forfall	Vara
Solveig Ege Tengesdal	Rogaland		
Marianne Chesak	Rogaland	F	Anja Endresen
Arne Bergsvåg	Rogaland		
Janne Johnsen	Rogaland		
Anita Egeli	Rogaland	F	
Anne Gine Hestetun	Hordaland		
Pål Kårbø	Hordaland		
Benthe Bondhus	Hordaland	F	Nils Bjørke
Mona Røsvik Strømme	Hordaland		
Terje Søviknes	Hordaland		
Jenny Følling	Sogn og Fjordane		
Åshild Kjelsnes	Sogn og Fjordane		
Noralv Distad	Sogn og Fjordane		
Trude Brosvik	Sogn og Fjordane	F	
Jakob Andre Sandal	Sogn og Fjordane	F	
Jon Aasen	Møre og Romsdal		
Gunn Berit Gjerde	Møre og Romsdal		
Jan Ove Tryggestad	Møre og Romsdal		
Charles Tøsse	Møre og Romsdal		
Frank Sve	Møre og Romsdal		

Møteleiar: Anne Gine Hestetun –fylkesordførar, Hordaland Fylkeskommune

I tillegg møtte:

Rune Haugsdal, fylkesrådmann Hordaland

Vestlandsrådet

Trond Nerdal, fylkesrådmann Rogaland

Tore Eriksen, fylkesrådmann Sogn og Fjordane

Ottar Guttelvik, fylkesrådmann Møre og Romsdal

Camilla Løvaas Stavnes- sekretariat Vestlandsrådet, Hordaland

Ole Inge Gjerald – sekretariat Sogn og Fjordane

Randi Klæboe, sekretariat Rogaland

Robert Løvik, sekretariat Møre og Romsdal

Lillian Sæthre, rådgivar reiseliv, Møre og Romsdal

Observatør:

NRK Møre og Romsdal

Orienteringar i møtet

- Arild Fugleseth, samferdselsjef i Møre og Romsdal orienterte om Norconsult rapporten under sak 26/16
- Prosjektleiar for cruisestrategi for Vestlandet Trond Amland orienterte under sak 29/16
- Lasse Anke Hansen frå Hordaland fylkeskommune orienterte om nøkkeltal for energi under sak 30/16
- Toini Løvseth frå samarbeidande kraftfylke gav ein presentasjon om organisasjonen undre sak 31/16
- Elisabet Bøe, konsulent frå Sogn og Fjordane gav ein presentasjon om hydrogenprosjektet på Vestlandet under sak 32/16

Saksliste:

Sak 20/16	Agenda Vestlandsrådet 10. november 2017
Sak 21/16	Protokoll frå Vestlandsrådets møte på Gardermoen 26.mai 2016
Sak 22/16	Rekneskap for Vestlandsrådet 2015
Sak 23/16	Gjensidig orientering om regionreformen
Sak 24/16	Evaluering av Vestlandsfylka sin innsats og arbeidsform i Nordsjøkommisjonen
Sak 25/16	Brev til KMD om kutt i midlar til Interreg
Sak 26/16	Rammevilkår for drift og fornying av ferjeflåta
Sak 27/16	Oppfølging av uttale NTP 2018-2029

Vestlandsrådet

- Sak 28/16 Høyring: Tiltak for utvikling av ferjemarknaden på lang sikt
- Sak 29/16 Presentasjon av cruisestrategi for Vestlandet
- Sak 30/16 Presentasjon nøkkeltal energi
- Sak 31/16 Presentasjon samarbeidende kraftfylker
- Sak 32/16 Presentasjon av hydrogensamarbeidet på Vestlandet
- Sak 33/16 Rapportering faste utval
- Sak 34/16 Møteplan 2017
- Sak 35/16 Eventuelt

Sak 20/16 Agenda Vestlandsrådet 10. november 2017

Vedtak:

Vestlandsrådet godkjente agenda for møtet

Sak 21/16 Protokoll frå Vestlandsrådets møte på Gardermoen 26.mai 2016

Vedtak:

Vestlandsrådet godkjente protokoll frå møte på Gardermoen 26. mai 2016

Sak 22/16 Rekneskap for Vestlandsrådet 2015

Vedtak:

Rekneskap for 2015 vart utsatt til neste møte

Sak 23/16 Gjensidig orientering om regionreforma

Orientering om prosess frå fylka.

Intensjonsavtalen Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland er sendt ut på høyring i fylka.

Møre og Romsdal har valt å stå aleine og understreka at dei vil stå saman som eit fylke.

Saka skal opp til handsaming i Fylkesting i alle fylke i desember.

Vestlandsrådet

Vedtak:

Vestlandsrådet tok statusoppdateringa til orientering

Sak 24/16 Evaluering av Vestlandsfylka sin innsats og arbeidsform i Nordsjøkommisjonen

Vedtak:

1. Vestlandsrådet tok evalueringsrapporten til orientering
2. Vestlandsrådet bad sekretariatet legge fram referat frå generalforsamling, styremøte og tematiske grupper i Nordsjøkommisjonen, med punkter om kva som har høg relevans for Vestlandsrådet og Vestlandsfylka.
3. Vestlandsrådet bad sekretariatet legge fram ei årleg handlingsplan for Vestlandsrelevante sakar med konkrete målsettingar og kven som har ansvar i fyrste møte i 2017.
4. Vestlandsrådet utsatte problemstilling kring etablering av eit permanent sekretariat på Vestlandet.

Sak 25/16 Brev til KMD om kutt i midlar til Interreg

Vedtak:

Vestlandsrådet støtta opp om brevet og bad sekretariatet sende det til Kommunal og Moderniseringsdepartementet, med kopi til Utanriksdepartementet.

Sak 26/16 Rammevilkår for drift og fornying av ferjeflåta

Vedtak:

1. Vestlandsrådet tok rapporten «rammevilkår for drift og fornying av ferjeflåta» til orientering, og nyttar rapporten som innspel i vidare arbeid med Nasjonal Transportplan 2018-2029.
2. Vestlandsrådet etablerer ein prosess mot Finansdepartementet og Kommunal- og Moderniseringsdepartementet i høve den genrelle modellen for finansiering av ferjedrifta. Her skal også KS involverast gjennom konsultasjonsordninga.

Sak 27/16 Oppfølging av uttale NTP 2018-2029

Vedtak:

Vestlandsrådet

Vestlandsrådet bad om å bli orientert når melding til Stortinget om NTP 2018-29 vert lagt fram og vil då avhalde frukostmøte i Oslo og gjennomføre felles høyring i Transportkomiteen i Stortinget.

Sak 28/16 Høyring: Tiltak for utvikling av ferjemarknaden på lang sikt

Vedtak:

1. Vestlandsrådet er positiv til at Statens vegvesen engasjerer seg i utviklinga av ferjemarknaden på lang sikt. I rapporten og i tilrådingane er det peika på fleire område som bør utgreiast nærare. Vestlandsrådet er positiv til utvikling av ein «nasjonal ferjeplan», og legg til grunn at eit slikt utviklingsarbeid skjer i eit likeverdig samarbeid med fylkeskommunane. Ein «nasjonal ferjestandard» bør leggjast til grunn for løyving gjennom inntektssystemet til fylkeskommunane for finansiering av ferjedrifta. Vestlandsrådet meinte at det ikkje er føremålstenleg med ei forpliktande ferjedriftsstandard. Den einskilde fylkeskommune/innkjøpseining må stå fritt til å sjølv å ta avgjerd om tenleg driftsstandard ut i frå lokale forhold og lokale prioriteringar.
1. Fylkeskommunane har stått for innkjøp og drift av ferjetenestene på fylkesvegnettet sidan ein fekk overført ansvaret ved forvaltningsreforma i 2010. Ferjedrifta er viktig for Vestlandsfylka, og er eit sentralt politikkområde. Fylkeskommunane har gjennom sin kjennskap til lokale forhold, samt sitt ansvar for tilknyta vegsamband, kollektivtrafikk, båt og andre transporttenester slik som skoleskyss større moglegheit enn staten for å kunne gjere heilskaplege tiltak knytt til takstar, tilbod med meir. Vestlandsrådet er godt nøgd med den organiseringa av ferjedrifta som ein har i fylket, og vil difor halda fram med å drifta dette i fylkeskommunal regi.
2. Vestlandsrådet vil peika på at intensjonane med forvaltningsreforma var m.a. at ein skulle flytta avgjerdsmakta tettare mot brukaren og styrka det regionale nivået. I den pågåande regionaliseringsprosessen er desse momenta ytterlegare forsterka. Ut frå dette meinte Vestlandsrådet at det bør vurderast å leggja drifta av riksvegsambanda inn i dei nye regionane.

Sak 29/16 Presentasjon av cruisestrategi for Vestlandet

Innleiing til saka frå Trond Amland, prosjektleier for arbeidet med cruisestrategi for Vestlandet.

Vedtak:

1. Vestlandsrådet slutta seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik han ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme
2. Vestlandsrådet bad om at det blir utarbeida ein handlingsplan med eigne midlar for iverksetting av tiltaka for å nå måla i strategidokumentet
3. Vestlandsrådet bad om at måla i «Cruisestrategi for Vestlandregionen 2016-2020» vert innarbeida i den eksisterande Reiselivstrategi for Vestlandet 2013-2020.
4. Vestlandsrådet ber om å bli involvert i arbeidet med handlingsplan

Vestlandsrådet

Sak 30/16 Presentasjon nøkkeltal energi

Innleiing ved Lasse Anke Hansen frå Hordaland fylkeskommune

Vedtak:

Vestlandsrådet tok presentasjonen til orientering

Sak 31/16 Presentasjon samarbeidande kraftfylker

Innleiing ved Toini Løvseth frå Samarbeidende kraftfylker

Vedtak:

Vestlandsrådet tok presentasjonen til orientering

Sak 32/16 Presentasjon av hydrogensamarbeidet på Vestlandet

Innleiing ved Elisabet Bøe og Lina Jonasson frå hydrogenprosjektet på Vestlandet

Vedtak:

Vestlandsrådet tok presentasjonen til orientering

Sak 33/16 Rapportering faste utval

Vedtak:

Vestlandsrådet tok saka til orientering

Sak 34/16 Møteplan 2017

Vedtak:

Møteplan for Vestlandsrådet fyrste halvår 2017:

- 28. februar
- 9. mai

Vestlandsrådet

Sak 35/16 Eventuelt

--